

# STANDARDAVTALE FOR LEVERING AV KRAFT

---

## PRIVATKUNDAR



### INNHOLD

STANDARDAVTALE FOR LEVERING AV  
KRAFT  
DEFINISJONAR

SIDE 2

SIDE 7

# STANDARD KRAFTLEVERINGSAVTALE - PRIVATKUNDAR

## § 1 ALLMENNE VILKÅR

### § 1-1 Partane i avtalen

Partane i avtalen er kunden som tek ut elektrisk kraft til bruk i eit elektrisk anlegg og Aursjokraft AS som avrekner kunden for kraftuttaket og står økonomisk ansvarleg overfor den avrekningsansvarlege for kunden sitt uttak.

### § 1-2 Avtaleforholdet

Denne avtalen gir Aursjokraft AS rett til å avrekne kunden for kunden sitt uttak av elektrisk kraft i samsvar med den prisen partane har gjort avtale om.

Ved avrekning av kunden, og ved avrekning overfor den avrekningsansvarlege, nyttar ein dei måleverdiane for kunden sitt uttak som kunden sitt nettselskap gjer tilgjengeleg for Aursjokraft AS.

Avtaleforholdet mellom partane består av eventuelt særskilt avtalte vilkår mellom partane og av denne standard kraftleveringsavtalen. Særskilte vilkår skal avtalast skriftleg. Ved tinging av kraftavtale pr. telefon, elektronisk tinging e.l., skal Aursjokraft AS sende kunden ei skriftleg stadfesting av ordren vedlagt standard kraftleveringsavtale. Ved byte av leverandør skal det ligge føre skriftleg kraftleveringsavtale mellom ny leverandør og kunde.

Dersom særskilt avtalte vilkår mellom partane har avvik frå reguleringar i standard kraftleveringsavtale, legg ein dei særskilt avtalte vilkåra til grunn for forståing av avtalen. Aursjokraft AS pliktar å gjere kunden merksam på eventuelle fråvik frå standardavtalen, og kva det inneber for kunden.

Ved tvil om forståing av omgrep og uttrykk som er brukte i denne avtalen, skal definisjonar i vedlagde definisjonsliste leggjast til grunn med mindre noko anna er sagt i denne avtalen eller noko anna går fram av samanhengen i denne avtalen.

### § 1-3 Avtaleinngåing og skifte av kraftleverandør

Før avtalen vert inngått pliktar Aursjokraft AS å gi opplysningar om sentrale forhold ved avtalen som betalingsvilkår, eventuell bindingstid og totale kostnader kunden skal betale. Opplysningane skal giast på ein klar og forståeleg måte.

Kunden pliktar å gi dei opplysningane som Aursjokraft AS treng for å avgjere om kraftleveringsavtale skal inngåast (namn, fødselsdato, neverande og tidlegare adresse, anleggsadresse, målepunkt ID, forbruksdata osv). Det same gjeld dersom kraftleveringsavtalen vert inngått med 2 eller fleire personar som ansvarlege avtalepartar på kjøparsida. Desse er å sjå på som solidarisk ansvarlege i tråd med avtalen.

I samband med skifte av kraftleverandør er ein kraftleverandør som er gitt i oppdrag å setje i verk eit leverandørskifte, ansvarleg for korrekt oppseiling av kunden sin eksisterande kraftleveringsavtale, jf § 4-5 og § 5-3, med mindre anna er avtalt.

### § 1-4 Angrerett

Dersom avtale om kjøp av elektrisk kraft vert inngått ved fjernsal eller sal utanfor fast utsalsstad, gjeld angrerett ved kjøp av tenester i kapittel 5 og elles dei generelle reglane i lov om angrerett.

Kunden kan gå frå avtalen utan å gi opp nokon grunn innan 14 dagar etter at Aursjokraft AS har oppfylt opplysningsplikta si i samsvar med angrerettslova og angreskjema er motteke.

Dersom Aursjokraft AS ikkje oppfyller opplysningsplikta si, eksempelvis let vere å overlevere det obligatoriske angreskjemaet, ikkje fyller ut skjemaet eller ikkje fyller ut skjemaet korrekt, vert fristen utvida til tre månader, eller til 1 år dersom det ikkje er gitt nokon informasjon om angreretten.

For at opplysningsplikta skal vere oppfylt, må det mellom anna vere gitt opplysningar om alle vesentlege avtalevilkår. I tillegg skal det opplystast om vilkåra og framgangsmåten for å nytte angreretten og verknaden av at angreretten vert nytta, jf § 5-4.

Kunden må gi melding til Aursjokraft AS dersom han ønskjer å nytte seg av angreretten. Meldinga må vere send innan utløp av angrefristen. Ei slik melding bør av bevismessige årsaker givast skriftleg.

Nyttar kunden seg av retten til å angre etter at Aursjokraft AS rettmessig har meldt leverandørskiftet til nettselskapet, må kunden betale for kraft som har blitt levert eller som vil bli levert inntil leveransen tidlegast vil kunne bli avslutta.

### **§ 1-5 Stilling av sikring**

Aursjokraft AS kan krevje at kunden stiller sikring for betaling av kalkulert kraftbehov for inntil 4 månader dersom og så lenge det er sannsynleggjort ein fare for at betalingsplikta blir mishalden. Dersom kunden krev det, må Aursjokraft AS sitt krav om å stille sikring grunngjenvæst skriftleg.

### **§ 1-6 Teieplikt, bruk av personopplysningar og kredittvurdering**

Aursjokraft AS skal ikkje utlevere personopplysningar som vedkjem kunden eller nokon i hans husstand til utanforståande, unntake når utelevering av opplysnings skjer

- a) med samtykke frå den opplysinga gjeld
- b) med heimel i lov, eller i forskrift gitt med heimel i lov eller
- c) som ledd i betalingsinnkrevjing m.m. der det ligg føre saklege grunnar.

Kraftleverandør og kunde, og deira tilsette og andre hjelparar, har på same måten plikt til å teie overfor utedkomande om det dei får vite om kvarandre sine drifts- og forretningsforhold.

Ved vurdering av kredittverde, kan Aursjokraft AS, utanom offentleg tilgjengelege opplysnings, nytte eigne kundeopplysningar og kreditopplysningsbyrå.

## **§ 2 MÅLING OG AVREKNING**

### **§ 2-1 Måling av kraftforbruk**

Måling av kraftforbruk vert utført av nettselskapet i samsvar med gjeldande forskrifter om måling og avrekning. Kraftleverandør nyttar måledata frå nettselskapet ved års- og sluttavrekning av kundar.

### **§ 2-2 Feil ved måling eller avrekning**

Ved feil i måledata frå nettselskapet, ved feil handtering av måledata, eller ved faktureringsfeil, kan kraftleverandør eller kunde krevje respektive tilleggsbetaling eller tilbakebetaling. Som feil ved avrekning vert rekna feil stipulert forbruk som følgje av manglande eller feil målaravlesing.

Tilbakebetaling eller tilleggsbetaling ved slike avreknings- eller målefeil, kan krevjast for den tida feilen kan ettersvisast. Etterbetaling/godskriving skjer frå og med siste betalingsfrist etter at feilen vart oppdaga, og som hovudregel ikkje ut over 3 år, jf. lov om forelding av fordringar.

Tilleggsbetaling kan ikkje krevjast dersom feilen skuldast forhold hos Aursjokraft AS eller nokon Aursjokraft AS svarar for, og kunden var i aktsam god tru.

### **§ 2-3 Framgangsmåte ved krav om tilbakebetaling eller tilleggsbetaling**

Krav om tilbakebetaling eller tilleggsbetaling på grunn av feil ved måledata eller feil handtering av måledata, skal rettast direkte til nettselskapet som er ansvarleg for målinga.

Det vert vist til nettleigeavtalen § 5 for reglar for kontroll av måleutstyr.

## **§ 3 PRIS OG BETALINGSVILKÅR**

### **§ 3-1 Pris**

Krafta vert levert i samsvar med avtalt produkt og pris.

### **§ 3-2 Endring av kraftpris**

Standard kraftpris kan som hovudregel endrast med 30 dagars varsel. Slik endring skal varslast direkte frå kraftleverandør til kunde, eller på annan eigna måte.

Ved vesentleg auke i prisen skal slikt varsel givast direkte til kunden. Med vesentleg prisauke er meint ein auke der prisen samla sett har stige med 2,5 øre pr. kWh eller meir sidan sist kunden fekk tilsendt prisinformasjon direkte frå Aursjokraft AS. Som direkte varsel vert rekna brev til kunden eller melding på faktura/målarkort, eller, dersom kunden samtykkjer, eigen elektronisk melding, eksempelvis e-post eller tekstmelding til mobiltelefon (SMS).

Auke i kraftprisen som følgje av auke i offentlege avgifter, vidareførast frå det tidspunktet styresmaktene fastset, uavhengig av reglane om varsling ovanfor.

### **§ 3-3 Betalingsvilkår**

Aursjokraft AS må opplyse om dei krev betaling på etterskot, á konto eller fakturerer på forskot.

Omגrep tyder:

- Betaling på etterskot: "fakturering etter kvar fakturaperiode, basert på faktisk forbruk"
- Á konto: "fakturering basert på estimert forbruk med forfall tidlegast midt i perioden"
- Forskotsvis fakturering: "fakturering basert på estimert forbruk for komande fakturaperiode, med forfall før start av perioden eller før midten av perioden"

### **§ 3-4 Betalingsfristar, forseinkingsrente og inkasso**

Faktura forfell til betaling i samsvar med Aursjokraft AS sine normale faktureringsrutinar.

Forseinkingsrente kjem i tillegg ved betaling etter betalingsfristen på faktura i samsvar med lov om forseinkingsrente.

Inkasso skjer i samsvar med inkassolova.

## **§ 4 OPPFYLLING AV AVTALEN OG KONSEKVENSAR AV AVTALEBROT**

### **§ 4-1 Aursjokraft AS sin leveranse**

Aursjokraft AS si yting er å avrekne kunden for kunden sitt uttak av elektrisk kraft i samsvar med den prisen eller prisreferansen partane har avtalt, jf. §§ 1-1 og 1-2, 1. og 2. ledd.

### **§ 4-2 Stansing av levering på grunn av manglande betaling**

Aursjokraft AS kan stanse levering av kraft dersom kunden ikkje betalar innan betalingsfristen. Kunden skal varslast skriftleg og får 14 dagars betalingsfrist før stansinga vert sett i verk. Dersom kunden ikkje innan den tida har gjort opp for seg, vert leveransen stansa.

Ei kvar innbetaling frå kunden vil gå til dekning/nedbetaling av den eldste uteståande fordringa Aursjokraft AS har på kunden, med mindre partane har blitt samde om noko anna.

### **§ 4-3 Oppattaking av leveringa**

Kraftlevering som er rettmessig stansa av Aursjokraft AS på grunn av manglande betaling, vil normalt ikkje bli teken opptatt før all gjeld til Aursjokraft AS, inkludert kostnader ved stansing og oppattaking, er betalt. Slike utgifter skal spesifiserast på fakturaen på ein slik måte at det er råd for kunden å kontrollere.

Aursjokraft AS kan setje som vilkår for oppattaking at kunden stiller sikring for betalingsplikta.

### **§ 4-4 Heving**

Aursjokraft AS kan heve kontrakten dersom kunden misheld betalingsfristen m.m. i vesentleg grad etter å ha fått skriftleg oppmoding med 14 dagars frist til å betale, og skriftleg varsla om at avtalen elles vil bli heva.

Aursjokraft AS kan heve avtalen straks dersom kunden går konkurs.

Aursjokraft AS kan krevje erstatta tap han lid ved at tidsavgrensa avtalar ikkje blir gjennomført, dersom kunden er blitt gjort kjent med Aursjokraft AS sine rettar før avtalen vart inngått. Aursjokraft AS pliktar å avgrense tapet sitt.

Ved vesentleg mishald frå Aursjokraft AS kan kunden heve avtalen med verknad framover i tid.

#### **§ 4-5 Kunden sine krav ved forseinka oppstart av kraftleveranse**

Dersom oppstarten av kraftleveransen er forseinka og dette ikkje skuldast kunden eller forhold på kunden si side, kan kunden

- halde tilbake betalinga for å dekkje krav som følgje av forseinkinga, men ikkje klart meir enn det som vil gi god sikring for kravet
- heve avtalen dersom forseinkinga er vesentleg. Er krafta levert, må kravet om heving gjerast gjeldande innan rimeleg tid etter at kunden fekk vite om leveringa
- krevje erstatning for tap som følgje av forseinkinga

Kunden sin rett til erstatning fell ikkje bort ved at han eller ho gjer gjeldande andre krav, eller ved at desse ikkje kan gjerast gjeldande.

#### **§4-6 Aursjokraft AS sitt erstatningsansvar**

Kunden kan krevje erstatning for tap han lid som følgje av forseinka oppstart av kraftleveransen frå Aursjokraft AS si side. Dette inneber at Aursjokraft AS er ansvarleg for eventuelle meirkostnader som kunden er blitt avrekna av tidlegare kraftleverandør eller nettselskapet i medhald av leveringsplikt, jf. også § 1-3.

Dette gjeld likevel ikkje så langt Aursjokraft AS godtgjer at den forseinka oppstarten skuldast ei hindring utanfor deira kontroll, og som det ikkje er rimeleg å vente vart teke omsyn til med sikte på å unngå eller overvinne følgjene av på avtaletidspunktet.

Skuldast forseinkinga ein tredjeperson som Aursjokraft AS har gitt i oppdrag heilt eller delvis å oppfylle kjøpet, er Aursjokraft AS fri for ansvar berre om også tredjepersonen ville vore friteken etter regelen i andre avsnitt. Det same gjeld om forseinkinga skuldast ein leverandør som Aursjokraft AS har brukt, eller nokon annan i tidlegare salsledd.

Ansvarsfridomen gjeld så lenge hindringa er til stades. Fell hindringa bort, kan ansvar gjerast gjeldande dersom Aursjokraft AS då pliktar å oppfylle, men ikkje gjer dette.

#### **§ 4-7 Opplysningsplikt om hindring**

Er Aursjokraft AS hindra i å levere kraft til rett tid, skal kunden få melding om hindringa og korleis dette kan verke inn på kraftleveransen. Får kunden ikkje slik melding innan rimeleg tid etter at Aursjokraft AS fekk eller burde ha fått kjennskap til hindringa, kan kunden krevje erstatta tap som kunne ha vore unngått om han hadde fått meldinga i tide.

#### **§ 4-8 Omfang av erstatninga**

Erstatning for forseinka oppstart av kraftleveranse skal svare til det økonomiske tapet kunden er påført ved kontraktbrotet. Dette gjeld likevel berre tap som det var rimeleg å kunne ha føresett som ei mogleg følgje av kontraktbrotet.

Erstatninga omfattar ikkje

- a) tap som følgje av personskade
- b) tap i kunden si næringsverksemnd

## **§ 4-9 Plikt til å avgrense tapet. Lemping av ansvaret**

Kunden skal ved rimelege tiltak avgrense tape sitt. Forsømer han dette, må han sjølv bere den tilsvarande delen av tapet.

Erstatninga kan setjast ned dersom ho vil verke urimeleg for Aursjokraft AS ut frå storleiken på tapet i høve til tap som vanlegvis oppstår i liknande tilfelle, og forholda elles.

## **§ 5 OPPSEIING OG FRIKJØP**

### **§ 5-1 Oppseiing av tidsavgrensa fastprisavtalar**

Dersom kunden ønskjer å seie opp ein tidsavgrensa fastprisavtale, må han dekkje Aursjokraft AS sitt direkte økonomiske tap ved at leveransen ikkje vert fullført. Det direkte økonomiske tapet vert utrekna etter alminnelege erstatningsrettslege prinsipp.

Ved flytting har partane ein gjensidig rett til å seie opp ein tidsavgrensa fastprisavtale med to vekers skriftleg varsel. Kunden er ansvarleg for betaling av kraftforbruk fram til utløp av oppseiingstida.

### **§ 5-2 Fornying og opphøyr av tidsavgrensa fastprisavtalar**

Leverandøren skal varsle kunden i god tid og seinast innan 30 dagar før utløpet av ein tidsavgrensa fastprisavtale. Dersom det er ingått ein tidsavgrensa fastprisavtale, og kunden ved utløpet av avtalen etter 1 månads føregåande varsel ikkje har gitt uttrykkjeleg aksept for at avtalen skal fornyast på same eller andre vilkår, går kunden over på leverandøren sitt standardprodukt.

### **§ 5-3 Oppseiing av kraftleveringsavtalar utan særskilt opphørysdata**

Kraftleveringsavtalar utan særskilt avtalt opphørysdata kan seiast opp av kvar av partane med to vekers skriftleg varsel.

Ved leverandørbyte vil normalt forbrukaren sin nye kraftleverandør seie opp avtalen med den tidlegare Aursjokraft AS.

Oppseiing frå Aursjokraft AS føreset sakleg grunn.

### **§ 5-4 Verknadene av å seie opp ein kraftleveringsavtale**

Dersom kunden i samband med oppseiing av sin gjeldande kraftleveringsavtale ikkje inngår ny avtale om levering av kraft frå det tidspunktet levering etter den oppsagde avtalen sluttar, vil kraft bli levert av nettselskapet i samsvar med nettselskapet si leveringsplikt, inntil leveranse frå ny kraftleverandør tek til.

I følgje § 2-4 i forskrift om måling, avrekning og samordna opptreden ved kraftomsetting og fakturering av nettenester, vil det vanlegvis ta to veker før leveranse frå ein ny kraftleverandør kan ta til.

## **§ 6 ENDRINGAR I STANDARD KRAFTLEVERINGSAVTALE**

Endringar av innhaldet i denne standard kraftleveringsavtalen må skje i samråd med Forbrukarombodet.

Endringane skal kunngjerast med 14 dagars varsel som direkte melding til kunden eller på annan eigna måte.

## **§ 7 TVISTAR**

Tvistar gjeldande standard kraftleveringsavtale kan føreleggast El-klagenemnda, eller bringast inn for domstolane. Så lenge ein tvist er til handsaming i nemnda, kan ikkje ein part bringe han inn for dei alminnelege domstolane. Ein tvist er rekna for å vere til handsaming frå det tidspunktet kravet om klagehandsaming er kome inn til nemnda. Ei sak som nemnda har realitetshandsama, kan bringast direkte inn for tingretten.

## Definisjonar til Allmenne vilkår for avtale om kraftpris

|                     |  |
|---------------------|--|
| Avrekningsansvarleg | Eining utpeika av Olje- og energidepartementet som skal sørge for at det blir avrekna for all innmating og alt uttak av straum som skjer i netta i Norge. Dette er regulert i § 4-3 i energilova og i kapitla 4 og 5 i <i>forskrift av 11.3.1999 nr. 301 om måling, avregning, fakturering av nettjenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv.</i>   |
| Avtale om kraftpris | Finansiell avtale der ein aktør (kraftleverandør) påtek seg å avrekne ein kunde for kundens uttak av straum i samsvar med avtale, samtidig som aktøren overfor avrekningsansvarleg tek på seg det økonomiske ansvaret for straumuttaket til den aktuelle kunden frå nettet til nettselskapet.  |
| Elspotpris          | Pris for straum som blir notert kvar time av den nordiske kraftbørsen Nord Pool ASA. Elspotprisen, eller berre spotprisen, er referansepris for all anna prissettjing av straum. Det blir notert ein systempris som er snittet for heile børsområdet. Ved flaskehalsar i det fysiske kraftoverføringssystemet (sentralnettet) mellom regionar blir det notert ein elspotpris for kvart område (områdepris).  |
| Finansiell avtale   | Sjå avtale om kraftpris.   |
| Kraftleverandør     | Nemning for aktørar som "sel" straum til sluttbrukarar. Nemninga "kraftleverandør" er innarbeidd. Her presiserer vi at omgrepene ikkje refererer til ein aktør som står for fysisk leveranse av ei bestemt kraftmengd til sluttbrukaren, men til ein aktør som forpliktar seg til å avrekne kunden for den uttekne kraftmengda til avtala pris. Ytinga til Aursjokraft AS er følgjeleg ein finansiell avtale.  |
| Leverandørskifte    | Formell, forskriftsfesta prosedyre for registrering av den leverandøren som skal ha økonomisk ansvar overfor avrekningsansvarlege for straumuttaket i kvar målepunkt-ID. Denne registreringa (leverandørskifte) blir utført av det nettselskapet som eig nettet der kundens målepunkt-ID er. Melding om leverandørskifte skal alltid sendast av den aktøren som har inngått ny avtale om kraftpris (kraftleveringsavtale) med ein kunde. Reglane om leverandørskifte er inntekne i kap. 2 i <i>forskrift av 11.3.1999 nr. 301 om måling, avregning mv.</i> |
| Leveringsadresse    | Sjå Målepunkt-ID.  |
| Målepunkt-ID        | I samsvar med § 1-3 i <i>forskrift av 11.3.1999 nr. 301 om måling, avregning mv.</i> er målepunkt-ID definert som "en entydig identifikasjon av et målepunkt basert på EAN-standarden Global Service Relation Number (GSRN)".  |
| Nettleige           | Alle priser og anna økonomisk godtgjering (tariffar) som nettselskapet fastset for tilknyting til og bruk av elektriske nettanlegg. Jf. § 1-3 om tariffar i <i>forskrift av 11.3.1999 nr. 302 om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsrammer mv.</i>   |
| Nettselskap         | Selskap som eig overføringsnett eller har ansvar for nettenester i samsvar med nettleigekontrakt med kunden og områdekonsesjon og omsetningskonsesjon ifølge energilova.   |

|                       |  |
|-----------------------|--|
| Nord Pool ASA         | Den nordiske kraftbørsen som er eigd av sentralnettsselskapa i dei nordiske landa. Aktørane som tilbyr avtalar om kraftpris til sluttbrukarar, handlar straum og prissikrar avtaleforpliktingane sine overfor kundane hos Nord Pool ASA.   |
| Områdepris/Prisområde | Sjå Elspotpris.  |
| Sluttbrukar           | Som sluttbrukar reknar ein den kunden som tek ut elektrisk energi til eigen bruk, og som ikkje omset straum vidare.  |
| Spotpris              | Sjå Elspotpris.  |
| Stansing              | Det at kraftprisansvarlege bruker retten til å halde tilbake kraft frå kunden, noko som inneber at Aursjokraft AS overfor kunden og nettselskapet erklærer at ein frå eit oppgitt tidspunkt ikkje står økonomisk ansvarleg overfor den avrekningsansvarlege og nettselskapet for straumen kunden tek ut. |